

Vedtekter for Sogndal Turlag

I

Namnet på laget er Sogndal Turlag.

Sogndal Turlag er eit ope lag som stimulera til allsidig friluftsliv og leggja opp til turar og andre aktivitetsformer i naturmiljøet som kan gje rik naturoppleving til flest mogeleg.

Med utgangspunkt i møteverksemd, samarbeid med andre lag og turane, skal Sogndal Turlag freista å gjere folk meir kjende med bygdemiljøet, historie, geografi, samspelet mellom levande organismar, planter og dyr, og miljøet rundt dei.

Ei viktig oppgåve for laget må vera vern om natur og livsmiljø.

Sogndal Turlag er medlem av Sogn og Fjordane Turlag, og femner om Sogn og Fjordane turlag sine medlemmer i Sogndal og Leikanger.

II

Laget vert leia av eit styre med ein leiar og 6 styremedlemer, som i samsvar med desse vedtektena skal veljast slik:

1. Leiar vert vald for 1 (eitt) år på årsmøtet.
2. Styrerrepresentantane vert valde for to år om gongen på årsmøtet. Kvart år går det ut tre representantar, som det vert val på.
3. Styret konstituerer sjølve kasserar og skrivar.
4. Til styret vert valt to varamedlemer for eitt år om gongen.

Innanfor styret kan det vera ei eller fleire arbeidsgrupper (-komitear) som kvar for seg arbeider med t.d. turar, møteopplegg o.l., som vert oppnemnde av styret. Styret kan også oppnemna arbeidsutval til å arbeida med konkrete oppgåver av ymse slag. I arbeidsutvala skal styret vera representert med minst ein representant.

III

1. Årsmøtet skal helst haldast siste halvdel av november – fyrste halvdel av desember kvart år, og offentleggjerast minst tre veker på førehand i lokalpressa.

2. På årsmøtet skal førehavast m.a.:

- a) Årsoversyn for laget.
- b) Årsrekneskap.
- c) Val av leiar og styremedlemer, samt to varamedlemer i samsvar med punkt II.
- d) Val av revisor.
- e) Valkomite; leiar og to medlemer.
- f) Val av hyttenemnd; leiar og to medlemer.
- g) Sakshandsaming av framlegg frå styret eller framlegg frå medlemer av laget som må vera styret i hende innan to veker før møtet.
- h) Fastsetjing av årspengar.

Alle medlemer er røysteføre og valføre.

IV

Ekstra årsmøte vert etter vedtak av styret eller etter skriftleg oppmading får minst 1/3 av medlemene.

V

Endring av og tillegg til vedtekter o.a. vert avgjort av dei frammøtte på årsmøtet med minst 2/3 fleirtal.

Også namnet på laget, Sogndal Turlag, kan berre endrast av årsmøtet med minst 2/3 fleirtal.

VI

Opplysing av laget krev 2/3 fleirtal blant medlemene. Alle midlar som skipnaden eig skal overførast med ein halvpart til Sogndal kommune og ein halvpart til Sogn og Fjordane Turlag, som skal nytte desse i samsvar med tanke og opplegg i desse vedtektna.

Vedtekne på årsmøtet 9. desember 1997

Endra på årsmøtet 24.11.2009

Endra på årsmøtet 23.11.2010

Endra på årsmøtet 28.11.2013